

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Styvi
Dato: 07.06.2016
Tidspunkt: 10:00 – 15:30

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Fyrste del av møtet er synfaring på postvegen frå Bleiklindi til Styvi. På turen ser me på skjøtselarbeidet i kulturlandskapet og restaurering av steinmurar på postvegen. Begge tiltaka har verneområdestyret sett av tiltaksmidlar til. I tillegg får styret oppleve litt av båttrafikken i denne delen av Nærøyfjorden.

Møt opp på kaien i Gudvangen kl. 10.00 7. juni. Me køyrer i bil til Bakka (færrast mogleg bilar). Svein Tufte skyssar oss over fjorden i båt frå Bakka til Bleiklindi. Frå Bleiklindi til Styvi går me på postvegen. Det er fin veg å gå, men ta med gode tursko, og klede etter veret. Det vert enkel lunsj på Styvi ca. kl. 12.00.

Styremøte vert i kafeen etter lunsj.

Etter styremøte vil grunneigarane på Styvi informera om skjøtselarbeid og landbruksdrift i denne delen av landskapsvernområdet. Dei vil og informera om planlagt forbygging av Styviselva.

Kristoffer Ullern Hansen ordnar båtskyss frå Styvi ca. kl. 15.00. Me vil vera i Gudvangen ca. kl. 15.30.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 13/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/16	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 15/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - uttak av stein til restaurering av mur på Øvste Stigen, og motorferdsle i samband med arbeidet		2015/3832
ST 16/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppføring av hytte på Horten		2015/4116
ST 17/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde – utedo ved gapahuken på Hovdungo i Undredal		2014/730

DS 4/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Nedbergo i samband med restaureringsarbeid	2014/1980
DS 5/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - utvida løyve for landing med helikopter på Nedbergo i samband med restaureringsarbeid	2014/1980
DS 6/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - dispensasjon til landing med helikopter ved Grindaflethytta	2014/1745
DS 7/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til utbetring av bru i Stordalen og helikoptertransport i samband med arbeidet	2014/1745
DS 8/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen	2015/3832
DS 9/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Nedste Stigen	2016/1844
RS 7/16	Nærøyfjorden verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar	2014/4672
RS 8/16	Kunnskapsanalyse om sårbare naturverdiar i verneområde i Nærøyfjordområde	2014/45
RS 9/16	Referat frå møte i Verdsarvrådet 29.-30.03.2016	2013/3387

Møteplan for Nærøyfjorden verneområdestyre 2. halvår 2016

ST 13/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 14/16 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

Arkivsaksnr: 2015/3832-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 19.05.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	15/16	07.06.2016

Nærøyfjorden landskapsvernområde - uttak av stein til restaurering av mur på Øvste Stigen, og motorferdsle i samband med arbeidet

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ottar Stegen løyve til uttak av stein bak låven på Øvste Stigen til restaurering av mur. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrst ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Uttaket skal avgrensast til steinura på baksida av låven
- Gravearbeidet skal avgrensast til det som er naudsynt for å ta ut stein til muren
- Området bak låven skal ikkje planerast eller såast til etter uttaket av stein er avslutta. Eventuelle køyrespor på innmarka skal såast til
- Torv og jord skal takast vare på og leggjast tilbake i steinura. Området skal ha naturleg uorden etter uttaket
- Uttak av stein og tilordning av området skal avsluttast i 2016. Det skal sendast rapport med bilde til sekretariatet når arbeidet er slutført, og seinast 01.12.2016.

Motorferdse!

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ottar Stegen løyve til landing med helikopter på innmarka på Øvste Stigen for transport av gravemaskin, materiale og utstyr i samband med restaureringsarbeidet. Det kan nyttast gravemaskin og beltetrillebor til arbeidet med uttak av stein og restaurering av muren. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrst ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten kan gjennomførast i tidsrommet frå og med 13. juni til og med 15. juli 2016 med inntil 15 landingar på Øvste Stigen. Landingane skal gjennomførast på inntil 3 dagar i løyveperioden
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt

- Det skal sendast melding til Statens Naturoppsyn (SNO) v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transporten tek til. Han vil gje melding om det må takast særskilt omsyn til naturmiljøet under transporten
- Det skal sendast rapport med tal flygingar og dagar med transport til sekretariatet innan 01.12.2016

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Ottar Stegen om løyve til uttak av stein på Øvste Stigen, og transport med helikoter, datert 25.04.2016

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Skjøtselsplan for høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden, rapport nr.3 – 2008, Aurland naturverkstad

Ottar og Irene Stegen søker om å få ta ut stein frå steinrøysa ovanfor låven på Øvste Stigen til bruk i bakkemuren nedanfor huset. Bakkemuren skal restaurerast i samband med restaurering av eldhuset som står på muren. Bygningen skal plukkast ned og takast vare på i låven på Øvste Stigen. Nærøyfjorden verneområdestyre gav løyve til å ta ned bygningen i sak 26/15, 30.11.2015. I samband med synfaring og oppstartsmøte på restaureringsarbeidet på mur og eldhus på Øvste Stigen 15.04.2016, vart det klart at det måtte gjerast eit større arbeid på muren enn fyrst planlagt. Muren er pressa ut av jordpress og manglande bakfyll. Det er mykje småstein i muren. Muren har rasa ut under eine hjørna av eldhuset. Stig Nordrumshaugen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har skrive eit notat frå synfaringa i april. I notatet vert det rådd til å laga betre puter av stor stein i botn av muren, og at det vert etablert bakfyll slik at vatn vert drenert vekk frå muren. Dei såg på eit område bak låven som aktuell for uttak av stein til muren. Det skal nyttast gravemaskin og beltetrillebår til arbeidet. For å redusera uttak av stein bak låva, ynskjer dei å nytta lecakuler til bakfyll. Det vil vera bruk for omlag 5 m³ med lecakuler. Lecakulene vil dei transportera til Stigen med helikopter. Dei søker om å få transportera gravemaskin og beltetrillebår og lecakuler opp til Stigen med helikopter. Dei har avtale med Skjerdal landskapspleia AS om gjennomføring av arbeidet. Etter planen skal arbeidet og transport utførast i perioden frå 13. juni til 15. juli 2016.



Steinur bak låven på Øvste Stigen. Foto Anbjørg Nornes

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: *«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storvelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter»*. Nærøyfjorden landskapsvernområde er *«..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter»* jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna mot *«...sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral...»* jf. § 3 pkt. 1.1. a). Tiltaket med uttak av stein er ikkje nemnt under dei spesielle dispensasjonsreglane, og forvaltninga må difor vurdera om det er heimel for å gje dispensasjon til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ; *«Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig»*.

For å ta ut stein frå steinura vert det søkt om å bruka gravemaskin og beltetrillebår. Utstyret er planlagt transportert med helikopter. I Nærøyfjorden landskapsvernområde er det forbod mot motorferdsel på land og i vatn/vassdrag, lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forvaltninga må vurdera om det er heimel etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til landing med helikopter på Stigen og bruk av gravemaskin i terrenget.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Øvste Stigen ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er ikkje landbruksdrift på garden lenger, men eigarane på Nedste Stigen har avtale om drift av landbruksarealet på garden. Det meste av arealet vert nytta til sauebeite. Ottar og Irene Stegen har restaurert bustadhuset på Stigen, og er i gang med restaurering av eldhuset/vedhuset. Det er av stor verdi at grunneigarane ynskjer å restaurera bygningar og landskap på

Øvste Stigen. Før dei kan setja opp att bygget må muren murast opp att. Det må leggjast store steinar i botnen av muren for å få ein god såle for muren. I tillegg må det vera god drenering bak muren for at det ikkje skal vera for stort press av jord og vatn på muren.

I steinura bak låven er det store steinar lett tilgjengeleg. Dei fleste steinane i muren kan nyttast oppatt, og det vil difor ikkje vera trong for å ta ut store mengder stein. Ved å plukka enkelte steinar frå ura, vil ikkje tiltaket gje store verknader på landskapets art eller karakter, og det vert kort avstand å flytta steinane. På denne bakgrunn vurderer forvaltar vilkåra er oppfylt for å vurdera dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste avsnitt til uttak av stein bak låven. Til dreneringa bak muren vil det vera bruk for omlag 5 m³ stein eller grus. Uttak av så stor mengde stein og grus vil gje eit stort inngrep i landskapet. Ved å bruka lecakuler til fyllmasse vil ein unngå nye inngrep i landskapet.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, skjøtselsplan for Stigen og restaureringsplan for Nærøyfjordområdet. Det er ikkje kjente førekomstar av sårbare artar eller naturtypar (Naturbase 07.10.15) på Øvste Stigen. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 vert vurdert som godt for å vurdera denne saka. Førre-var-prinsippet jf. nml § 9 er ikkje tillagt vekt i denne saka då kunnskapen om området er vurdert som god.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml § 10. Eit avgrensa uttak av stein i steinura bak låven vil ikkje føra til stort inngrep i landskapet. For å bygge opp att muren, er det avgjerande å bruka stor stein i botnen av muren. Dersom det ikkje vert funne stein i området, må det fraktast stein til området med helikopter. Denne transporten ville koma i tillegg til transport av utstyr. Den totale belastninga på området vil truleg verta større ved å fly stein til området enn at det vert teke ut ei avgrensa mengde stein frå steinura. Restaureringsarbeidet slik det er planlagt, vil føra til ivaretaking av kulturlandskapet og vil lite truleg gje noko auka belastning på naturverdiane i området. Tiltaket vil vera positivt for den totale opplevinga av landskapet på Stigen, og for ivaretaking av den tradisjonelle byggetradisjonen i området. Inngrepet i steinura er vurdert som eit bagatellmessig inngrep.

Bruk av lecakuler til bakfyll er tilføring av nytt materiale til område. Lecakulene vil ikkje vera synlege etter arbeidet er slutført og bakken bak muren er sådd til. Det er heilt avgjerande for eit godt resultat på muren, at vatn vert drenert vekk frå muren. Ved å nytta lecakuler som bakfyll unngår ein nytt inngrep i området, og avgrensar helikoptertransport i område. Arbeidsmetoden er vurdert som ein miljøforsvareleg metode jf. nml. § 12.

Søklar og Skjerdal landskapspleie har i samråd med fylkeskommunen vurdert bruk av lett gravemaskin som godt eigna for å bygge opp att bakkemuren og ta ut stein bak låven. Alternativ metode er å mure for hand og transportera stein med helikopter. Forvaltar vurderer planlagt arbeidsmetode som den beste miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12 for dette tiltaket. Gravemaskina og beltetrillebåra vil ikkje føra til store køyrespor i terrenget, og køyringa vil føregå på innmarka på Øvste Stigen. Eventuelle køyrespor må såast til etter arbeidet er utført. Helikoptertransport av maskiner og utstyr skal avgrensast til 3 dagar for transport til og frå Stigen. Transporten er vurdert som naudsynt og vil ikkje gje uro utover den tida transporten føregår.

Nml § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter nml §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar at uttak av stein på Øvste Stigen og transport i samband med arbeidet, er eit naudsynt tiltak som det kan gjevast dispensasjon til etter verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Arkivsaksnr: 2015/4116-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 26.05.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	16/16	07.06.2016

Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppføring av hytte på Horten

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Svenn Vidar Stegen avslag på søknad om oppføring av hytte på Horten i Aurland kommune, gnr. 56 bnr. 1. Avslaget er grunngjeve med at det ikkje er heimel for å gje dispensasjon til tiltaket etter verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Saksopplysningar

Styreleiar for Nærøyfjorden verneområdestyre og forvaltar var på synfaring på Horten saman med grunneigar 20. mai 2016. Viser til eige notat frå synfaringa, datert 23.05.2016. Styret vedtok i sak 12/16 at det skulle gjennomførast synfaring til Horten før dei ville gjera vedtak i saka. På synfaringa vart det sett på to moglege plasseringar av hytta. Plasseringane er i tunet og nær tunet. Søkjar vil tilpassa bygget til landskapet og lokal tradisjonell byggeskikk.

Søknad datert 17.11.2015 frå Svann Vidar Stegen om bygging av hytte på Horten, vart lagt fram for Nærøyfjorden verneområdestyre på møte 1. mars. Styret utsette saka. Styret bad forvaltar ta kontakt med søkjar for å sjå på alternative løysingar. Stegen sendte nye opplysningar til søknaden 6. mars. Stegen har bruk for ei hytte til overnatting i samband med skjøtselsarbeid. Han ynskjer å slå gras på bøen på Horten og rydde området for kratt og skog rundt bøen og tuftene i det gamle tunet. Stegen søker om ny plassering av hytta nedanfor Hortakollen. Ny plassering er på sørsida av Hortakollen, men med ei plassering som ikkje er i kontakt med gamle rydningsrøyser eller gamle tufter.

Ny vurdering

Det er positivt at Svann Vidar Stegen vil vedlikehalda stien opp til Horten og halda området på Horten opent slik at det ikkje gror att. Eigedomen har ikkje vore i aktivt drift etter 1960-talet, og det er ikkje bu- og driveplikt på garden. Horten er ikkje peika ut som prioritert område for skjøtsel i forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og skjøtsel på Horten er ikkje eit prioritert tiltak. Ein ny bygning på Horten vil ikkje vera eit landbruksbygg, men eit fritidsbygg. Det er fleire stader i landskapsvernområdet det kan vera ynskjeleg med ei hytte til fritidsbruk, og eit løyve i denne saka vil difor kunne gje presedens i liknande saker. Forvaltar viser til tidlegare vurdering i saka, og kan ikkje sjå at dei nye opplysningane i saka endrar tidlegare vurderingane. Forvaltar vurderer det ikkje er heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 til å gje løyve til tiltaket.

Bakgrunn for saka går fram av saksutgreiing til sak 5/16 nedanfor:

Saksprotokoll og saksframlegg sak 5/16:

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016, sak 5/16

Handsaming i møte


Saka vart utsett til neste møte. Styret bad forvaltar ta kontakt med søkjar for å sjå på alternative løysingar. Framlegget til vidare saksgang vart godkjent med 4 stemmer for og 1 stemme mot.

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (2007)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Svann Vidar Stegen er ny eigar av garden Horten i Aurland kommune, gnr. 56 bnr. 1. Horten er ein hyllegard som ligg ca. 570 moh over Aurlandsfjorden på austsida av fjorden. For å koma til Horten må ein bruka båt over fjorden. Det går to stiar opp til Horten frå fjorden. Det er ingen bygningar på Horten i dag. Tidlegare stod det ei gamal jaktbu på fjellet ovanfor fjellstølen til Horten. Jaktbua er ramla ned, og berre restane frå bygget ligg att der jaktbua stod.

Stegen søker om å få setja opp ei ny hytte på Hortakollen (høgste punkt på kollen er 620 moh). Hortakollen er ein liten kolle rett nord for tunet på Horten. Det nye bygget er planlagt med eit areal på 24 m² (4 x 6 meter). Hytta er tenkt nytta vår og sommar i samband med vedlikehald av stien, og under jakta om hausten.



Skisse av bygget, utklypp frå søknad



Utsnitt av kart med innteikna plassering av hytta

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 2. «Nærøyfjorden landskapsvernområde er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endra eller verke inn på landskapets art eller karakter.» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeldoppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar.... jf. § 3 punkt 1.1. a). Det er reglar i verneforskrifta for oppføring av bygg i samband med landbruksdrift, turlagsverksemd eller oppsyn. Ei privat jakthytte kjem ikkje under desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Føremålet med vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap. Horten er ein av fjellhyllgardane i Aurlandsfjorden. Det har ikkje vore busetnad på Horten etter 1865. Det er tufter etter

hus i tunet på Horten, innmarka, vårstølen og fjellstølen. Stovehuset stod delvis oppe kring 1960 (*Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy - Åsmund Ohnstad*). Stien opp til Horten har vore lite nytta, og er delvis attgrodd, men det er restar etter den stien vegen på nokre strekningar. Stegen har søkt om å få utbetra stien på nordsida av Horten på nokre stadar.

Det er ikkje kjente trua artar eller naturtypar i tiltaksområde (Naturbase 29.01.2016).

Det er bra kunnskap om området gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjordområde, lokalhistorie (*Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy - Åsmund Ohnstad*) og synfaring i område v/forvaltar og SNO. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane opplyser i sin uttale at det er lite kjende kulturminne frå nyare i tid på Hortakollen. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Det må vurderast om vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast løyve til oppføring av ny hytte. Den samla belastninga dette tiltaket vil ha for naturmiljøet jf. nml. § 10, og presedensverknaden for tilsvarande saker må vurderast. Det har vore spørsmål frå andre grunneigarar og jegerar i dette landskapsvernområdet om å få setja opp jaktbu, og det kan koma spørsmål frå fleire om bygging av jaktbu i tilknytning til stølar og hyllegardar. Det er store utmarksområde med både beiterettar og jakt- og fiskerettar knytt til dei fleste gardsbruka i Aurland. Dette gjeld og for Horten. Jaktrettane har stor rekreasjonsverdi for grunneigarar og innbyggjarar i Aurland. Løyve til oppføring av ei ny hytte i dette området vil kunne gje presedens i tilsvarande saker. Det er fleire eigedomar med jaktrettar innafor landskapsvernområdet der det ikkje er bygningar på eigedomen i dag. Den gamle jakthytta på fjellet ovanfor Horten var ei lita arbeidsbrakke på ca 10-12 m². Jakthytta som er rast saman, kan ikkje byggjast opp att utan nytt byggeløyve, og må sjåast på som eit nytt tiltak. I forvaltningsplanen er det retningslinjer om at det ikkje bør setjast opp nye bygningar i område det ikkje er bygningar frå før. Dette er kommentert under kapittel om stølsmiljø, og i samband med landbruksdrift. I verneforskrifta og forvaltningsplan er trongen for oppføring av nye bygg vurdert til å vera i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Jakt er omtalt som friluftaktivitet. Det er ikkje heimel for oppføring av jakthytter i verneforskrifta, og jakthytter er ikkje vurdert som aktuelt tema i forvaltningsplanen. Det er heller ikkje forvaltningspraksis i dette verneområdet for å gje løyve til oppføring av nye jakthytter. I forvaltningsplan under kapittel «Tiltak for tilrettelegging og friluftsliv», står det at tilrettelegging med faste leirplassar ikkje er ynskjeleg. Det er tilrettelagt med leirplassar ved fjorden der det er mykje ferdsel, og der tilrettelegginga er tiltak innafor lokal næringsutvikling. Døme på dette er gapahuken i fjellet ovanfor Hovdungo i Undredal. Stegen ynskjer å kunne nytta området til jakt og friluftaktivitetar. Han vil setja opp ei enkel hytte for overnatting i samband med jakt og friluftsliv. Han opplyser at hytta kan stå open for andre som ferdast i området, men med avtale om nøkkel. Området er vanskeleg tilgjengeleg og vert i liten grad nytta til friluftsliv med unntak av jakt. Hytta vil difor i hovudsak vera ei privat jakthytte. Sommaren 2015 bar Stegen lavvo og utstyr opp til Horten til bruk under jakta. Ein lavvo som står fast oppe i meir enn 2 månader, og kasser for lagring over fleire år, er å rekna som faste innretning, og må søkjast om løyve til frå verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48. Vanskeleg tilgang til området kan vera eit argument for å vurdera ein fast leirplass i området. Dette må i tilfelle vurderast i ein ny sak.

I uttalen frå Fylkeskommunen vert det gjeve ein generell tilbakemelding i forhold til gamle murar i verneområdet. Dei rår til at «*ein skal vera svært varsam med å sette nye bygningar opp på eller i nærleiken av dei gamle murane*». Gamle murar er spor etter menneske som budde og livnærte seg her. Bygget på Hortakollen vil lite truleg påverka kulturminne, men vil ha stor påverknad på naturlandskapet på Horten. Med eit nytt bygg i dette området, og moglegheit for fleire tilsvarande saker, vil effekten av nye bygg

med tilnærma likt formål i verneområdet kunne gje ei samla stor belastning på verneverdiane og vera i strid med verneføremålet.

Konklusjon

Nye hytter i eit naturområde utan inngrep vil påverka landskapet sin karakter. Hytta er ei jakthytte, og det er ikkje heimel for å bygge nye jakthytter i verneområdet. Denne saka vil høgst sannsynleg gje presedens for tilsvarande saker. Dette bygget saman med fleire tilsvarande byggesaker er vurdert til å kunne påverka verneverdiane, og vil vera i strid med verneføremålet om å ta vare på eit eigenarta natur- og kulturlandskap. Vilkåra etter naturmangfaldlova § 48 er difor vurdert til ikkje å vera oppfylt. Det er med det ikkje heimel for å gje løyve til oppføring av ny hytte på Horten, og søknaden må avslåast.



Arkivsaksnr: 2014/730-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 01.06.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøysfjorden verneområde	17/16	07.06.2016

Nærøysfjorden landskapsvernområde - utedo ved gapahuken på Hovdundo i Undredal

Innstilling frå forvaltar

Nærøysfjorden verneområde styre gjev Stig Arne Borlaug løyve til oppføring av utedo ved gapahuken ovanfor Hovdundo i Undredal. Tiltaket skal oppførast i samband med bruk av gapahuken.

Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste avsnitt, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Utedoen skal plasserast i steinura ca. 50-60 meter sør for gapahuken
- Tiltaket skal tilpassast i landskapet utan store inngrep i terrenget. Stein frå steinura skal nyttast til muring av tre vegger. Høgda kan vera ca. 1,5 meter. Taket skal vera av bølgeblekk og leggjast oppå murveggane. Inni murane skal det setjast ei dokasse
- Utedoen skal kunne brukast i perioden 1. juni til 1. oktober. Dokasse skal lagrast i gapahuken når den ikkje er i bruk, og taket skal leggjast på bakken ved sida av muren. Det må leggjast stein oppå takplata for å sikre den mot vind
- Tiltaket skal fjernast av tiltakshavar dersom det har negative konsekvensar for verneverdiane i landskapsvernområdet
- Tiltaket skal fjernast når det ikkje lenger er i bruk. Tiltakshavar skal rydda området, og plassen skal tilbakeførast til mest mogleg naturleg tilstand
- Utedoen skal vera tilgjengeleg for turgåarar i området
- Løyve til oppstart av tiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Tiltakshavar skal senda rapport med bilde til sekretariatet når tiltaket er gjennomført

Dette løyvet gjeld berre tilhøva etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast om løyve etter plan- og bygningslova frå Aurland kommune.

Saksopplysningar


Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Stig Arne Borlaug om å få setja opp utedo ved gapahuken ved Hovdungo i Undredal, datert 25.05.2016


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden 2007

Stig Arne Borlaug søker om å få sette opp utedo ved gapahuken ovanfor Hovdungo i Undredal. Anna Elise og Atle Borlaug (dotter og son til Stig Arne Borlaug) fekk løyve til å sette opp gapahuken ovanfor Hovdungo hjå Nærøyfjorden verneområdestyre i sak 12/14 - 24.03.2014, og frå Aurland kommun sak 186/14. Gapahuken vart sett opp i 2015. Borlaug søker om å få sette opp utedoen i ei steinrøys om lag 50 meter sør for gapahuken. Planen er å mure ein enkel utedo i steinrøysa med ei trekasse å sitte på, og med tak av bølgjeblekk. Utedoen skal stå oppe i turistsesongen frå 15. juni til 1. oktober. Taket og trekassa skal takast vekk utanom sesongen og lagrast ved gapahuken. Borlaug vil nytte gapahuken til utleige og tilfeldig besøk. Han reknar med det kan verta mange besøkande i gapahuken, og med det fare for tilgrising av området med dopapir.



Objekt 1 er markering for gapahuk. Objekt 2 er markering for utedo. Kopi frå søknad.



Skisse av utedo. Kopi frå søknad.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Nærøyfjorden landskapsvernområde er «..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Dette gjeld «...oppsetting og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar..» jf. § 3 pkt. 1.1. a). Verneområdestyret kan gje løve til «Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn.» jf. § 3, pkt.1.3 b). Utedoen kan ikkje vurderast etter desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Nærøyfjorden verneområdestyre gav løyve til å sette opp gapahuken for å kunne nytta den som del av tilleggsnæring i landbruket, og i samband med turverksemd. Forvaltninga ynskjer og leggja til rette for bruk av verneområdet samtidig som me skal ta vare på verneverdiane. Det vil vera viktig å leggja vekt på trongen for inngrep opp mot verknaden på verneområdet. Kunnskapen om området er kjent gjennom verneprosessen, arbeidet med forvaltningsplan og vurderingar i samband med oppføring av gapahuken. Grunneigarane har god kunnskap om bruken av området, og

er godt kjent med naturkvalitetane gjennom bruk av området både i nærings- og friluftssamanheng. Det er ikkje kjente førekomstar av trua artar eller naturtypar i området på Hovudungo (Naturbase 01.06.2016). Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som godt for å vurdera saka jf. nml. § 8. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje tillagt vekt då kunnskapen om området er vurdert som god. I forvaltningsplanen for Nærøyfjorden er tema utedo omtalt under fleire tema. I kapittel om friluftsliv – *tiltak for tilrettelegging for friluftsliv*, står det at «*Dersom omsynet til naturkvalitetane tilseier det, skal naudsynte tiltak gjerast for å unngå skadar som skuldast friluftslivet*». Under kapittel om forsøpling og ureining står det at det kan førast opp «*utedo der det syner seg naudsynt*». Tiltaket er eit lite bygg, og er i nærleiken av gapahuken. Bygget vil i liten grad påverka landskapet sin art og karakter. På den bakgrunn meiner forvaltar vilkåra for å vurdera dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt.

Verneområdestyret gav løyve til bygging av gapahuken ovanfor Hovudungo med fylgjande grunngjeving; «*Dette tiltaket er særskilt i dette området ved at det er eit prosjekt som er med og styrkjar satsinga til grenda Undredal på verdiskaping med utgangspunkt i tilpassa bruk av verneområdet. Med bakgrunn i felles satsing for verdiskaping i Undredal, vil ikkje dette tiltaket skapa presedens for liknande prosjekt i verneområdet. Tiltaket er vurdert som eit skånsamt inngrep, og det vil ikkje vera føra til stor belastning på naturmiljøet jf. § 10 i naturmangfaldlova. Kostnad med eventuelle miljøforringing skal berast av tiltakshavar jf. naturmangfaldlova § 11. Styret set vilkår om at tiltakshavar skal fjerna tiltaket dersom det fører til skade på verneverdiane. Styret ynskjer at dette området skal kunne takast meir i bruk, og meiner plasseringa ikkje fører til skade på naturmangfaldet jf. § 12 i naturmangfaldlova om vurdering av lokalisering. Tiltaket er vurdert til ikkje å føra til nemneverdig skade på verneverdiane, og ikkje i strid med verneformålet. Med denne bakgrunn er det gjeve løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48*». All erfaring tilseier at ved å leggja til rette for guida turar med overnatting, vil det vera trong for ei toalett-løysing. Målet med å bygge gapahuken var å skapa ein ny aktivitet som kunne gje auka næringsinntekter for verksemda i Undredal. Med auka trafikk, er det større fare for tilgrising av området. Forvaltninga har gjeve løyve til oppsett av utedo i fleire områder som vert nytta i samband med landbruk og friluftsliv. Utedoane er vurdert som naudsynt for å dekkja normale funksjonar ved overnattingsstader, og tiltaka kan redusera faren for ureining av område. I forvaltningsplanen for Nærøyfjorden er tema utedo omtalt under fleire tema. I kapittel om friluftsliv – *tiltak for tilrettelegging for friluftsliv*, står det at «*Dersom omsynet til naturkvalitetane tilseier det, skal naudsynte tiltak gjerast for å unngå skadar som skuldast friluftslivet*». Utedoen ved gapahuken vil vera med å hindra ureining av området. Ved stølen Hovudungo er det gjeve løyve til oppføring av utedo. Denne delen av området har fått fleire nye inngrep siste åra. Mange små tiltak kan samla gje ei stor belastning på området, og presedensverknaden må vektleggast i vurderinga. Verneområdestyret vurderte gapahuken i dette området som særskilt tiltak, og ein utedo i samband med tiltaket er difor vurdert til i liten grad føre til presedens for andre saker i dette verneområdet. Forvaltar vurderer den samla belastninga på naturverdiane i området som akseptabel jf. nml. § 10.

Utedoen skal murast i steinrøysa sør for gapahuken, og vil vera lite synleg i landskapet. Byggemateriale er stein frå steinura, og med eit enkelt tak over steinmuren. Forvaltar vurderer tiltaket til å vera godt tilpassa miljøet og landskapet jf. nml § 12. Løysinga er berekraftig og gjev liten avrenning. Borlaug er ansvarleg for tiltaket, og må ta kostnadane med fjerning av utedoen dersom den fører til skade på verneverdiane jf. nml. § 11.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til oppføring av utedo ved gapahuken ovanfor Hovdungo med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste avsnitt.

DS 4/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Nedbergo i samband med restaureringsarbeid

DS 5/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - utvida løyve for landing med helikopter på Nedbergo i samband med restaureringsarbeid

DS 6/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - dispensasjon til landing med helikopter ved Grindaflethytta

DS 7/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til utbetring av bru i Stordalen og helikoptertransport i samband med arbeidet

DS 8/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen

DS 9/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Nedste Stigen

RS 7/16 Nærøyfjorden verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar

RS 8/16 Kunnskapsanalyse om sårbare naturverdiar i verneområde i Nærøyfjordområde

RS 9/16 Referat frå møte i Verdsarvrådet 29.-30.03.2016